



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

FYLKESORDFØRAREN


Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		79282/2014/V00/&13	Eivind Vartdal Ryste	10.12.2014


Høyringsuttale - forslag om å oppheve konsesjonslov og buplikt

Vi viser til forslag om å oppheve konsesjonslova og buplikta, som vart sendt ut på høyring 15.10.2014. Fylkesutvalet behandla høyringsutkastet på sitt møte 08.12.2014, og vedtok følgjande uttale:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune går mot å fjerne konsesjonsregelverk og buplikt slik Landbruks- og matdepartementet foreslår.
2. Veksande folketal og nye matvanar krev auka matproduksjon. Areal eigna for matproduksjon må sjåast som eit fellesgode. Styresmaktene bør difor ha eit verkty for å kunne regulere kjøp og sal av landbrukseigedomar, der omsynet til mål om auka matproduksjon er avgjerande.
3. Eigedomsretten er viktig, men omsynet til den som skal leve av å produsere mat bør vege tyngre enn omsynet til den som skal selje. Bortfall av konsesjons- og bupliktregelverket kan føre til prispress, og at mange landbrukseigedomar blir omgjort til fritidseigedomar. Det kan fortrenge dei som vil bruke jorda til matproduksjon, og true fast busetjing i bygdene.
4. Det er positivt med ein kritisk gjennomgang av konsesjons- og bupliktregelverket, med mål om forenkling, forbedring og meir systematisk handheving. Men endringar må byggje på kunnskap om konsekvensane, og ikkje gå ut over mål om å sikre ressursar til matproduksjon.

Med helsing


Jon Aasen
fylkesordførar


Bergljot Landstad
Regional- og
næringsjef